



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Rådgivar Gro-Malèn Brønnestad, 71 25 84 57

Vår dato  
11.01.2010  
Dykkar dato

Vår ref.  
2009/5835/GRBR/422.0  
Dykkar ref.

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep.  
0030 Oslo

Jiført som e-post 12/1-10 147

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	2008 / 1973 - 153
Mottatt:	13 JAN 2009
Saksbe:	ASR/MA
Ark.:	410
Kopi:	
Avskr.:	

## Oversending av høyringsuttale frå Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal – verneheimel i jordlova

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal har i møte den 30.12.2009 treft vedtak om høyringsuttale til forslag om verneheimel i jordlova. Utskrift av møteboka med fylkeslandbruksstyret si uttale til høyringa ligg vedlagt.

Med helsing

*Anne Berit Løset*  
Anne Berit Løset (e.f.)  
Landbruksdirektør

*Gro-Malèn Brønnestad*  
Gro-Malèn Brønnestad

vedlegg: utskrift av møtebok frå Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### MØTEBOK - Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal

<b>Møtedato:</b> 30. desember 2009. Telefonmøte kl. 13.00	<b>Sakslistenr.:</b> 43/09	<b>Kommune/gnr/bnr:</b>
<b>Vår ref:</b> FM:2009/5835	<b>Arkiv:</b> 422.0	
<b>Saksbehandlar:</b> Gro-Malèn Brønnestad	<b>Telefon:</b> 71 25 81 23	<b>E-post:</b> Gro- malen.bronnestad@fmmr.no

#### Høringsuttale til forslag til verneheimel i jordlova

Dyrka jord er ein ressurs som ikkje er fornybar, og vi har eit felles ansvar for å sikre at også våre etterkommarar har moglegheit til å kunne produsere eigen mat.

Klimasituasjonen i verda gjer at det vil bli auka behov for produksjonsareal til mat, og det vil også kunne oppstå ein situasjon med større etterspurnad for å få kjøpt mat på verdsmarknaden. I tillegg til at vi har eit globalt ansvar for verdas matvareforsyning, må vi også ta innover oss at vi ikkje er sjølvforsynt når det gjeld tilgang på matvarer. Det er talfesta at 3 % av Noregs landareal er dyrka jord, og berre ein tredje del av dette er egna for matkornproduksjon. Det blir derfor blir ekstra viktig å verne om dei produktive areala vi har.

Det er frå regjeringa sett ei målsetting om å halvere omdisponering av dyrka mark innan 2010, og det er også innført ein strengare politikk når det gjeld omdisponering.

På grunn av økonomisk vekst, auka sentralisering og befolkningsvekst meiner departementet at det vil bli krevjande å nå og oppretthalde nivået i målsettinga. Departementet meiner derfor det er behov for nye tiltak, og på denne bakgrunn ligg det no føre eit forslag til verneheimel i jordlova.

#### Kva slags areal skal kunne bli verna

Det er ikkje aktuelt å verne all dyrka jord. Departementet meiner at omsynet til borgarane sin forutbereknlegheit likevel tilseier at loven gir nærare bestemte kriterier for kva slags areal som kan vere aktuelle.

Departementet foreslår at det av jordvernheimelen skal gå fram at den vil gjelde for verdfull dyrka jord, og at det mellom anna skal bli lagt vekt på 1) areala sin kvalitet til mat- eller forproduksjon, 2) om areala har eller kan få nasjonal eller regional betydning for matproduksjon, 3) om areala er av ein viss storleik og om dei er samanhengande samt 4) om dei ligg i eit område kor det er venteleg med utbyggingspress.

### Avveginga mot andre samfunnsinteresser

Oppretting av jordvernområde vil etter omstenda kunne medføre enkelte uheldige konsekvensar for anna samfunnsutvikling, mellom anna for behovet for verdiskaping, ei effektiv areal- og ressursforvaltning og bevaring av naturen sitt mangfald.

Departementet viser til at sjølv om vernemyndigheita etter forvaltningsloven sine reglar har plikt til å syte for at saka er så godt opplyst som mogleg, foreslår ein likevel ein eigen saksbehandlingsregel om avveging mot andre viktige samfunnsinteresser.

### Forholdet til allereie gitte løyver og vedtekne arealplanar

Av lovforslaget § 13 fjerde ledd bokstav a-c er det gitt føresegner om kva for verknad vernevedtak vil få der det allereie er gitt løyve.

I § 13 fjerde ledd bokstav a foreslår departementet at vedtak om jordvern ikkje får verknad for tiltak der det allereie er gitt samtykke til omdisponering etter § 9

I § 13 fjerde ledd bokstav b går det fram at for bruksendringar som krev *anna* offentleg løyve etter til dømes plan- og bygningslova eller vassressurslova, vil tiltak som det er gitt løyve til gå foran dersom denne er gitt før vernevedtaket.

For anna bruk som ikkje krev løyve etter gjeldande lovverk, til dømes omdisponering av dyrka jord til driftsbygning, må tiltaket vere sett i gang fysisk før vernevedtaket blir fatta, jfr. lovutkastet § 13 fjerde ledd bokstav c.

### Verknaden av vernevedtaket – dispensasjon

Av lovforslaget § 14 går det fram at dyrka jord i jordvernområde ikkje kan nyttast til anna enn som vekstmedium for planteproduksjon eller hagebruk.

Lovforslaget legg opp til eit i utgangspunktet forbod mot omdisponering som også vil gjelde for landbrukstiltak.

Formålet med å opprette jordvernområder er nettopp å gje områder med verdifull matjord eit særleg vern, og då må vilkåra for å gje løyve til omdisponering verre strengare enn etter § 9 i jordlova.

Konsekvensen av føresegna blir at landbruket må søke dispensasjon for oppføring av bygningar og liknande som medfører omdisponering av dyrka mark.

Departementet foreslår også ein unntaksheimel frå omdisponeringsforbodet i lovforslagets § 14 første og annet ledd. Her går det fram at fritak frå forbodet berre kan bli gitt dersom tiltaket "ikkje strir mot føremålet til vernevedtaket og tiltaket har lite å seie for verneverdiane i jordvernområdet, eller dersom omsynet til tryggleik eller samfunnsinteresser av stor vekt talar for det.

### Prosess

Departementet foreslår at påtenkt verneforslag blir kunngjort når arbeidet med vern tar til, dette for å involvere dei berørte interesser tidlig i prosessen. God informasjon vil etter departementets oppfatning bidra til å dempe eventuelle konflikter og auke forståinga for vernet.

### Tiltak ved igangsett saksbehandling, men før endeleg vernevedtak er fatta

Statens landbruksforvaltning har i sin rapport lagt til grunn at det skal fattas eit eige vedtak om utgreiing av vern før sjølve vernevedtaket blir fatta. Bakgrunnen for forslaget er å unngå omdisponering med utredning pågår. Departementet er i tvil om det er hensiktsmessig at kunngjering av påtenkt verneforslag utan vidare skal ha slik rettsverknad.

Statens landbruksforvaltning har også foreslått at fylkesmannen skal vere avgjerdsmyndigheit i første instans i desse sakene. Departementet er av den oppfatning at fylkesmannen kan nytte seg av rapporteringsheimelen og få tilsendt vedtak frå kommunar som har areal i områder som fylkesmannen utredar for vern. Dette ved at fylkesmannen kan nytte seg av forvaltningslova § 35 til å utsette eller stanse omdisponering i strid med nasjonale mål eller vernevedtaket.

#### Økonomiske og administrative konsekvensar

Prosess med vern av dyrka jord skal starte opp gradvis frå eksisterande ressursar og kapasitet hos kommunane, fylkesmannen og SLF. Departementet legg i utgangspunktet til grunn at forslaga ikkje vil føre til auka ressursbruk for offentlege mynde, men vil vurdere ressursbehovet når ein har meir erfaring og vil tilføre naudsame ressursar i den grad ordninga fører til meirarbeid.

#### **Framlegg til høyringsuttale:**

##### Punkt a)

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal meiner at det er naudsynt med eit strengare jordvern, og støtter forslaget.

##### Punkt b) Kva slags areal skal kunne bli verna

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal er samd med departementet i at det bør kome til uttrykk kva for areal som er aktuell for vern.

##### Punkt c) Avveginga mot andre samfunnsinteresser

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal er samd i at det bør vere ein eigen saksbehandlingsregel, då det kan bidra til større forståing rundt verneprosessane og tydeleg synleggjere kva for konkrete avvegingar som skal gjerast i desse sakene.

##### Punkt d) Forholdet til allereie gitte løyver og vedtekne arealplanar

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal har ikkje merknader knytt til desse.

##### Punkt e) Verknaden av vernevedtaket - dispensasjon

Fylkeslandbruksstyret er samd med departementet i at det innanfor eit jordvernområde må vere strengare vern enn utafor, og støtter den innstramma som er gjort i forhold til vilkåra i jordlova § 9. Fylkeslandbruksstyret støttar også forslaget om unntaksheimel frå omdisponeringsforbodet.

##### Punkt f) Prosess

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal har ingen merknader knytt til dette punkt og støtter departementets forslag.

##### Punkt g) Tiltak ved igangsett saksbehandling, men før endeleg vernevedtak er fatta

1. Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal oppfattar det som viktig å sikre at areal som blir utreda med tanke på eventuelt vern, må bli sikra frå omdisponering mens utredninga pågår. Dette då det vil vere risiko for at omdisponering skjer for å unngå framtidig vern med dei råderettsavgrensingar det medfører. Vårt standpunkt er soleis i samsvar med det forslaget som Statens landbruksforvaltning har lagt fram.

2. Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal er for så vidt samd i at det er mogleg å pålegge kommunane som har areal som blir utreda for vern rapporteringsplikt. Samstundes ser vi likevel at det er ein viss fare for at ikkje alle vedtak blir gjort kjent for fylkesmannen slik at forvaltningslova § 35 ikkje kan bli nytta.


Når det gjeld Statens landbruksforvaltning sitt forslag om at fylkesmannen blir førsteinstans i desse sakene, ser fylkeslandbruksstyret at dette kan vere eit alternativ til rapporteringsplikt av vedtak.

Punkt h) Økonomiske og administrative konsekvensar

Fylkeslandbruksstyret finn det positivt at departementet vil sørge for naudsynte ressursar dersom ordninga fører til merarbeid.

Punkt i)

Dersom lovforslaget blir vedtatt vil Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal understreke at det er viktig å fortsatt oppretthalde eit sterkt jordvern også i områder som ligg utafor jordvernområda.

  
Anne Berit Løset  
Landbruksdirektør

Harald Nymoen  
Fylkesskogsjef

---

I fylkeslandbruksstyremøte den 11. desember 2009 sette representant Arne Hoem fram følgjande forslag til høyringsuttale i sak 42/09:

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal går imot de foreslåtte innstramninger i jordloven som svekker grunneiers disposisjonsrett over egen eigedom og innskrenker lokale folkevalgtes beslutningsmyndighet i plan- og arealspørsmål.

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal mener at eiendomsretten bør styrkes ved at grunneiere i større grad enn i dag skal kunne disponere over egen eigedom og at det skal være lokale folkevalgte som skal ha endelig beslutningsmyndighet i plan og arealspørsmål for vedkommende kommune.

---

**Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal trefte vedtak med 4 mot 2 stemmer ved behandling i møte den 30.12.2009:**

**Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal går imot de foreslåtte innstramninger i jordloven som svekker grunneiers disposisjonsrett over egen eigedom og innskrenker lokale folkevalgtes beslutningsmyndighet i plan- og arealspørsmål.**

**Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal mener at eiendomsretten bør styrkes ved at grunneiere i større grad enn i dag skal kunne disponere over egen egedom og at det skal være lokale folkevalgte som skal ha endelig beslutningsmyndighet i plan og arealspørsmål for vedkommende kommune.**

---

Rett utskrift, Molde 11.01.2010



Anne Berit Løset (e.f)  
Landbruksdirektør